



DEN NORSKE KYRKJA
BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

INNKALLING

Møte: 3-2024
Møtedato: Onsdag 5.6.2024
Møtestad: Bømlo kyrkje
Tid: Ca. 17.30

Denne innkallinga gjeld berre til faste medlem i fellesrådet. Dersom det er forfall til møte, vil varamedlem bli kontakta.

Forfall bør snarast meldast til kyrkjeverja på telefon 400 85 045

Vi ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melde frå om dette på førehand.

Me startar med synfaring på Vika kl. 16.30 før me i fellesskap fer vidare til Vorland og Hillestveit før møte i Bømlo kyrkje ca. 17.30.

SAKSLISTE:

2024-03-01	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
2024-03-02	GODKJENNING AV MØTEBOK 2 - 2024
2024-03-03	MELDINGAR OG SKRIV
2024-03-04	KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2024
2024-03-05	ÅRSMELDING FOR 2023
2024-03-06	REVIDERT BUDSJETT 2024

Bremnes den 31. mai 2024

Torleiv Fylkesnes
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD
SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	5.6.2024		2024-03-03

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2024-03-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Revisjonsberetning
2. Nytt om personale: Ny sokneprest i Bømlo og Lykling på plass

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Fellesrådet	5.6.2024		2024-03-04

Saksbehandlar: Trygve Leigland Arkivnr.: 133

2024-03-04 KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2024

Kyrkjeverje sitt framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 1. kvartal 2024 til vitande.

Dokument i saka

Rekneskapsrapport 1. kvartal 2024

Vurdering

1. kvartal viser eit meirforbruk på 897 560 mot budsjettert 1 151 345. Altså eit positivt avvik mellom rekneskap og budsjett på 253 784. Ein har brukt mindre og/eller fått inn meir tilsvarande tilsaman 253 784.

Kommentarar til rapporten:

Kommentarar til inntektsida.

16* Sal, eigenbetaling og avgifter

Inntekter er 45' lågare enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak eigenbetaling på TOL som er periodisert med noko innbetaling til Londontur 1. kvartal. Dette vert fyrst synleg i andre kvartal. Skuldast m.a.o. feilperiodisering. Ein ser likevel nokon meirinntekt på gravfesteavgift, gravlegging av utanbygdsbuande og diverste inntekter. (Konsertinntekter til Estlandsarbeidet med Herrens Glade gutter)

17* Refusjonar

Ein har fått inn 5' mindre enn budsjettert. Refusjon frå kommune til kremasjonsstønad vert krev inn ved årsslutt.

18* Tilskot og Gåver

Ein har fått inn 156' mindre enn budsjettert. Ein har budsjettert med eit ekstratilskot frå kommunen på 500' i løpet av året som var periodisert med 125' i kvart kvartal. Dette utgjer dermed 125' av mindreinntekta på tilskot i første kvartal.

Kommentarar til kostnadssida.

10* Løn

Lønskostnadane ligg 145' under budsjettert. Noko av dette skuldast redusert diakonistilling. (Diakonimedarbeidarvikar på timar). Og 63' mindreforbruk på pensjon og arbeidsgiveravgift. I tillegg er det tariffesta variabelt tillegg for 1. kvartal som ikkje vart betalt i 1. kvartal, som ein vil sjå igjen i 2. kvartal.

11* Varer og tenester.

Varer og tenester ligg 203' under budsjett. Ein del av dette går på periodisering av trusopplæringstiltak og driftsmateriell. Noko går på forbruksmaterieil som enda ikkje er kjøpt inn i år osv., og noko mindreforbruk på straum.

12* Utstyr, materieil, vedlikehald

Positivt avvik med mindreforbruk på 46'. Likevel er det nokre avvik på underpostane. Det manglar eksempelvis fakturering for gravar for mars, medan det elles er nokon periodiseringsfeilar.

13* - 14* Refusjonar og tilskot, gåver til andre

Mindreforbruk på 14' mot budsjett.

Kommentarar til 1. kvartal.

Ein ser resultat av kutting av kostnadar på rekneskapsført totalcost på 3,4 mill. mot budsjettet 3,8 mill. for første kvartal. Positivt avvik på 400'. Likevel kan noko av dette og forklarast i periodiseringsfeil. På inntektssida er det eit negativt avvik på 156' Mykje av dette skuldast budsjettet ekstratilskot frå kommunen på 500 000 for inneverande år. Elles er det alltid periodiseringar på enkeltposter som er usikre, som gir utslag eine eller andre vegen og som kunne vore estimert og plassert betre.

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	5.6.2024		2024-03-05

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2024-03-05 ÅRSMELDING 2023

Dokument i saka

1. Årsmelding 2023

Framlegg til vedtak

Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2023 slik den føreligg.

Bakgrunn

Rådsorganet legg kvart år fram årsrekneskap og årsmelding som skal spegla arbeidet i året som gjekk.

Det er vanleg at revisor ikkje vil underskriva meldinga før fellesrådet har vedteke rekneskap og årsmelding.

Vurdering

Årsmeldinga må sjåast i samanheng med sokneråda sine årsmeldingar som seier enda meir om aktiviteten i kyrkjene.

Konklusjon

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	5.6.2024		2024-03-06

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2024-03-06 REVIDERT BUDSJETT

Relaterte saker

Dokument i saka

Revidert budsjett

Framlegg til vedtak

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek forslag til revidert budsjett for 2024

Bakgrunn

Endringar og uforutsette hendingar gjer at det kan vera naudsynt å endra noko på budsjettet i løpet av året.

Vurdering

2023 viste seg å bli eit økonomisk mørkt år for fellesrådet på lik linje som for kommunen. Pensjonskonstandane vart uforutsett høge og med eit lite disposisjonsfond kom ein ut med store mørke tal for 2023. Dette spelar sjølvstykke direkte inn på korleis fellesrådet sine tenester kan gjennomførast og korleis fellesrådet skal forvalte sine ressursar. Vidare har ein også lokale utfordringar som kontinuerleg vedlikehaldsbehov m.m. Ved opprinneleg budsjett hadde ein håpa på eit ekstra tilskot frå Bømlo kommune på 500 000,- Dette er i revidert budsjett teke bort med bakgrunn i dei noverande kommunale økonomiske forholda.

Kommentarar til revidert budsjett:

1* Lønn

Fastlønn redusert frå 9099' til 8925' skuldast blant anna at ein reduserer frå to til ei sommarhjelp, at ein har gått over på frivillig klokkearteneste i Bremnes og Moster og noko redusert tilleggsløn som følgje av omorganisering og tydeligare styring av delt dagsverk.

- Fastlønn ned frå 6618' til 6596'
- Ekstrahjelp ned frå 197' til 95'
- Pensjonskort ned frå 1248' til 1208'
- Arbeidsgiveravg. ned frå 943' til 933'

2* Varer og tenester

Reduksjon i varer og tenester frå opphavsleg 2404' til 2317' I dette ligg noko kutt av forbruksmateriell, lågare energikostnader, og noko kutt i opplæring og kurs.

- Aktivitetsrelatert forb. Materiell ned frå 714' til 694'
- Anna forbruksmateriell ned frå 139' til 137'
- Opplæring kurs ned frå 113' til 98'
- Energi ned frå 555' til 505'

3* - 4* - 5*. Utstyr, materiell, tilskot og gåver, og finansielle utgifter
Uendra

6* Sal, eigenbetaling og avgifter

Auka frå 2164' til 2289' Dette utgjer ei ytterlegare auke av inntekter knytt til festeavgift som følgje av rydding i gravregisteret.

- Husleige og festeavgift opp frå 1254' til 1379'

7* Refusjonar

Refusjonar vart ikkje budsjettert med i opprinneleg budsjett men her vert det naturlegvis litt knytt til sjukemeldingar. Opp frå 1212' til 1248'

- Sjukelønsrefusjonar opp frå 0 til 36'

8* Tilskot og gåver

Redusert frå 11693' til 11271'. I dette ligg fjerninga om kommunalt ekstratilskot på 500' Medan ein har budsjettert inn noko meir på offer/innsamling til eigen verksemd. I dette ligg også tilknytning av trusopplæringstiltak opp mot søndagsskulen og frifondsmidlar.

- Tilskot frå kommunen ned frå 9116' til 8616'

- Offer/innsamling til eigen verksemd opp frå 368' til 446'

9* Finansinntekter

Vert uendra i forhold til opphøveleg budsjett.

Konklusjon

2024 er eit krevjande år på mange måtar når det gjeld økonomiske forhold. Ikkje bere er det kyrkja lokalt som er råka men også kommune, og kyrkja sentralt. Dette gjer at ein først og fremst må sjå på eiga verksemd for å forsøke å komme seg ovenpå etter det negative økonomiske resultatet etter 2023.

Ein har vidare opphøveleg budsjettert med dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk på 850 000,- Dette er også eit forholdsvis ambisiøst mål å strekkje seg mot og noko som på sett og vis fungerer som ein «buffer» eller styring for resten av budsjettet.